

Beskrivelse av delytelse H

Delytelse: Funksjonsnedsetting som følge av alvorlig hjertesjukdom /hjerteroperasjon.

<p>Målgruppe/pasientgruppe</p>	<p><i>a) Diagnosegruppe/tilstand</i> INDIKASJONAR Hjerteinfarkt - utan store sequele Hjertesvikt NYHA-klasse II-III PCI - ukomplisert ACB-opererte - ukomplisert Stabil angina pectoris Klaffeopererte Hjertetransplanterte - stabilisert Vaksne med medfødt hjertefeil Rytmeforstyrning/pacemaker/ICD</p> <p>KONTRAINDIKASJONAR (a=absolutte og r=relative) Ustabil angina pectoris (a) Vanskelig kontrollerbare arytmiar (r) Alvorlig aortastenose (a) Ustabil og alvorlig hjertesvikt (a) Stort aortaaneurisme eler venstre ventrikkelaneurisme i tidleg fase (r) Ukontrollert hypertensjon (r) Akutt myokarditt eller perikarditt (a) Psykisk tilstand som gjer rehabilitering vanskeleg (r) Pågåande stoffmisbruk (r) Muskel-/skjelettliding som gjer deltaking vanskeleg</p> <p><i>b) Livsfase/aldersgruppe</i> Tilbodet vert gitt til vaksne.</p> <p><i>c) Når i sykdoms-/rehabiliteringsforløpet</i> Tilbodet blir gitt etter sjukehusopphald eller seinare i forløpet (Fase IIa og Fase IIb). Resultat frå arbeids - EKG og ekkokardiografi skal følgje søknad til opphald. Det blir og tilbydd utredningsopphald frå primærhelsetenesta.</p> <p><i>d) Hjelpebehov/funksjonsnivå</i> Barthel ADL-indeks ned mot 6 i avgrensa antal i planlagt forløp.</p>
<p>Ytelsen leveres som</p>	<p><i>Døgn/dag</i> Døgnopphald</p> <p><i>Gruppe/individuell</i> Gruppebasert tilbod med individuell tilnærming.</p>
<p>Kortfattet beskrivelse av ytelsen/tilbudet til målgruppen</p>	<p>Mål: Målsettinga er å avgrense dei negative fysiologiske og psykologiske effektane av hjertesjukdom, redusere risiko for nye tilfelle av hjerteinfarkt og plutselig død. Kontrollere symptom frå hjerte og fremje psykososial helse og yrkesmessig deltaking.</p>

Tilbud:

a) Delytelsens metode og struktur

Muritunet brukar pedagogiske prinsipp og verktøy for å fremje læring, meistring og helse hos våre pasientar og deira pårørnde. Intervensjonen vil bestå av medisinsk kartlegging og testing i trygge omgjevnader, rettleia fysisk trening, undervisning, rettleiing og medisinerer knytt til reduksjon av risikofaktorar, her under fokus på livsstilsending.

Fokus er å skape trygghet, opplevd meistring, bevegelsesglede, auka fysisk og psykisk velvære, auka bevegeligheit og fysisk kapasitet. Det er lagt vekt på kva pasienten kan gjere på eiga hand med tanke på overføringsverdi til heimesituasjon.

Pasienten deltek dagleg på gruppeaktivitetar ut frå funksjonsnivå og mål, til dømes krakkegym, kondisjon i gymsal eller ute, spinning, bassengtøring, bevegelsestøring, tøring i tøringssenter og fokus på pust- og avspenningsteknikk.

Alle pasientar i yrkesaktiv alder får tilbod om samtale med arbeidskonsulent. I denne samtalen blir arbeids- og/eller utdanningssituasjon kartlagt. Dersom pasienten har arbeidsgjevar blir behov for dialog med og tilrettelegging på arbeidsplassen gjennomgått, samt evt. behov for dialog med NAV og andre relevante parter som f.eks. BHT og fastlege. Pårørnde får tilbod om å kontakte teamet under rehabiliteringsopphaldet.

b) Ernæring og kosthold

Ending av kosthald vil for mange av pasientane være heilt nødvendig for å førebygge vidare utvikling av hjertesjukdom og andre risikofaktorar. Bachelor i ernæring tek ein ernæringskartlegging ved starten av opphaldet, og rettleier til eit ernæringsmessig rett samansett kosthald. Det blir og halda gruppeundervisning om kosthald, arbeid og helse og praktisk matlaging i tøringsskjøkken. Pasientar med spesielle ernæringsmessige utfordringar får i tillegg individuell oppfølging.

c) Resultat og brukererfaringer

Effektmålingar i form av spørjeskjema, samt fysiske testar. Brukerevaluering utarbeidd av Kunnskapssenteret

d) Bemanning for døgnopphold

Det tverrfaglege teamet består av spesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering, spesialist i indremedisin, sjukepleiar med spesialisering innan psykisk helsevern, bachelor i ernæring, fysioterapeut med master i klinisk fysioterapi, idrettspedagog og arbeidskonsulent med vidareutdanning i kognitiv terapi, samt psykolog etter individuell vurdering. Muritunet har sjukepleiar på vakt 24-timar i døgnnet

MURITUNET

	<p><i>e) Samarbeid/samhandling med andre aktører forut for inntak, under og etter forløpet samt ambulant virksomhet: Samhandling med relevante aktører som pårørende, primærhelsetenesta, fastlege, andre i spesialisthelsetenesta. Om pasienten har arbeidsgjevar blir behov for dialog med og tilrettelegging på arbeidsplassen gjennomgått, samt evt. behov for dialog med NAV og andre relevante parter som f.eks. BHT og fastlege.</i></p>
Faglig fundament	<p><i>Institusjonens samlede kompetanse i forhold til målgruppen Fagpersonalet har grunnleggjande helsepedagogisk kompetanse, som i pasientmøte kjem til uttrykk gjennom respekt, fagleg dyktigheit, god dialog og støtte</i></p>
Lokasjon	<p>Muritunet AS, Grandegata 58, 6210 Valldal. www.muritunet.no</p> <p>Muritunet er lokalisert i Valldal på indre Sunnmøre. Frå Ålesund eller Molde (E36/E39) køyrer ein til Sjøholt, og tek av (Fv650) austover mot Valldal. Næraste flyplass er Ålesund lufthavn på Vigra.</p>
Varighet	<p><i>Anslagsvis forventet oppholdslengde for målgruppen 3 vekers gruppeopphald.</i></p>